

KAPITTEL 7 – HELIN

Det er iskaldt då Helin går heim frå skulen. Sjølv sagt fann ho ikkje den gode vinterjakka i dag tidleg. Det er godt å endeleg kome heim og inn i den varme gangen.

– Hei, Helin, roper mamma frå stova. Ho jobbar stort sett nattevakter og har nok sove i heile dag. Helin stikk så vidt inn til henne.

– Bra dag? spør mamma.

– Heilt grei, svarar Helin. – Eg går og slappar av litt før middag, ok?

– Så klart er det greitt, det er lasagne om ein times tid, seier mamma og smiler.

Helin går på rommet og lukkar døra. Jo, det har vore ein heilt grei dag. Ho kunne ha nemnt at Bjørk har skifta fargar og no har rosa hår og oransje neglar. Ho kunne ha sagt at Mo hadde trekt Dennis i dag, og at han hadde fått den blå pakka framfor seg på pulten. Han hadde ikkje pakka opp før timen etter, skulle sikkert vise kor lite han brydde seg. Så typisk.

– Hæ, sa han og trekte på skuldrene midt i mattetimen. – Kva er dette?

Han heldt ei brun kake med kvit mandel opp i vêret.

– Ein sirupssnipp, ser du vel! svara Bjørk irritert. – Som nokon har bakt og lagt i ein fin boks og pakka inn, for svarte! Kan du ikkje berre halde kjeft og vere litt takknemleg?

Det vart faktisk stille i klasserommet.

Så dumt, tenkte Helin. Bjørk hadde jo svara med ein gong, som om ho visste kva som var i pakka. Men dei fleste hadde jo forstått at Bjørk hadde trekt Liam som hemmeleg nisseven. Og då tenkte dei kanskje at Bjørk visste kva Helin skulle gi bort, og til kven. Men det hadde ikkje Helin sagt til nokon. Ikkje ville ho at nokon skulle vite det, heller. Det kunne godt vere hemmeleg fram til avslutninga, då var det straks ferie likevel, og folk kom til å gløyme alt som skjedde før jul.

– Det er jo eit parallelogram, sa Liam plutselig.

– Riktig! sa Tor begeistra. – Ein sirupssnipp har form som eit parallelogram.

Perfekte kaker for mattetimen. De kan berre fortsette fram til oppgåve 7.12!

Lukta av mammas lasagne breier seg på kjøkkenet. No er han straks klar, dei ventar på storesøster Jenny. Mor har kome heim, dei to mødrene hennar dekker bordet og tenner lys.

– Eg er heimeee! roper det frå gangen. Heilt overflødig, alle forstod det då døra small att.

Like etter slenger Jenny seg ned ved bordet med eit stort glis.

– Det er jo heilt iskaldt ute, det må då snart kome snø?

Mor nikkar til det, og mamma set lasagnen på bordet.

– Helin, eg gløynde å seie at eg lånte jakka di i dag, ho er jo så god. Og sjå kva eg fann i lomma!

Jaså gitt, det var derfor ho hadde måtta fryse i dag! Helin skal til å seie akkurat kva ho synest om det, men så legg Jenny ein søt liten nissesjokolade på bordet.

– Det må jo vere den hemmelege nissevenen din! seier mamma. Helin fortalde om opplegget då dei bakte sirupssnippar og berlinerkransar.

– Og sjå kva eg fann i andre lomma, seier Jenny, minst like blid. Ho brettar ut ein liten lapp.

– Ingen i denne klassen har vakrare auge enn deg, les ho høgt. – No er eg verkeleg spent på kven som nissar med deg!